

Årsmelding 2013 for Veteranbåtlaget Atløy

I løpet av 2013 vart den tidlegare organisasjonsforma andelslaget Atløy avvikla. Det var halde årsmøte i andelslaget 31.januar 2013, der det vart gjort vedtak om å sette i gong prosessen med oppløysing av andelslaget Atløy. Med unntak av eit medlem vart sittande styre attvald fram til val av nytt styre i samband med danning av ny eigarform. Karl Johan Moldestad var valt inn som nytt styremedlem fram til nytt val.

Styresamansetning:

| | |
|----------------------|---|
| Leiar: | Sander Ødelien |
| Medlemmer: | Karl Johan Moldestad Vigleik Færøy Gunnar Hovda Ludvig Sandvik |
| Varamedlem: | Per Færøy |
| Sekretær for styret: | Kystmuseet |
| Revisor: | Deloitte & Touche |

Oppløysinga vart stadfeste på eit ekstraordinært årsmøte som var halde 2. mars 2013. På det ekstraordinære årsmøtet vart følgjande oppløysingsstyre valt: Sander Ødelien frå styret til andelslaget Atløy, Berit Høivik frå Kystmuseet i Sogn og Fjordane og Hans Jørgen Kireeide frå Deloitte AS.


Stiftingsmøte for Veteranbåtlaget Atløy vart halde 2. mars 2013. Der vart nye vedtekter godkjende og gjennomført val av interimstyre som skal sitte fram til ordinært årsmøte i foreininga.

Styresamnssetning:

| | |
|------------|--|
| Leiar: | Rolf Grønnevik |
| Medlemmer: | Sander Ødelien Ludvig Sandvik Marion Richter Semlali Ludvik Grytten |
| Vara: | Karl Johan Moldestad Leif Kvalvik |

Valnemnd: Per Grov, Leif Kvalvik og Jan Ove Hjelmås

Andelslaget Atløy var registrert sletta i Einingsregistreret og Føretaksregisteret 01.07.2013. Den nye foreininga Veteranbåtlaget Atløy var registrert med nytt organisasjonsnummer i Einingsregistreret 12.08.2013.



Interimstyret for Veteranbåtlaget hadde to styremøter i 2013.

Viktige saker som vart drøfta var:


- Restaureringsarbeid og dialog med Riksantikvaren i samband med den vanskelege økonomiske situasjonen.
- Rekruttering av mannskap - der situasjonen har endra seg i positiv lei, med godt initiativ frå Atløys Vener.
- Avtale om driftssamarbeid mellom Veteranbåtlaget og Atløys Vener.

Det har ikkje vore utbetalt styregodtgjersle. Det har heller ikkje vore betalt godtgjersle til Kystmuseet for administrasjonskostnader.

Hovudtala i økonomien:

I årsresultatet for 2013 vart det eit regnskapsoverskot på kr. 226 770,00. I 2012 var det eit regnskapsoverskot på kr. 240 971,23.

| Inntekter | 2013 | 2012 |
|--------------------------------|------------|--------------|
| Leigeoppdrag | 740 531,00 | 693 710,00 |
| Tilskot | 150 000,00 | 700 000,00 |
| Utgifter | | |
| Sum driftskostnader | | 1 156 858,77 |
| Gåver/ tilskot | | |
| Atløys Venner (rentefritt lån) | | 700 000,00 |
| Skadeutbytte Gjensidige | 2 882,00 | 2 236,00 |
| Fylkeskommunen | 150 000,00 | 0,00 |
| Riksantikvaren | 0,00 | 0,00 |



Likestilling

I interimstyret til Veteranbåtlaget Atløy har fire menn og ei kvinne i styret.

Drift

Foreninga Veteranbåtlaget Atløy meiner det er grunnlag for framtidig drift av båten.

Arbeidsmiljø

Arbeidsmiljøet vert rekna som godt om bord på Atløy.

Det vert ikkje produsert utslepp eller anna som gjev miljøskader, og er ikkje regulert av konsesjonar eller miljømessige restenksjonar.

Aktivitet

Foreninga har ingen fast tilsette. Atløys Venner har lagt ned omlag 15 000 dugnadstimar i 2013.

Arbeid med stålplatene i skroget er ikkje ferdigstil, men det er tett dialog med skipskontrollen i forhold til å få godkjent fartssertifikat, parallelt med at restaureringsarbeidet på båten blir utført. Restaureringsarbeidet vart ikkje utført i 2013, grunna økonomi og kapasitet på verftet. Arbeidet med å ha båten i drift samtidig som det blir utført store restaureringsarbeid, er i seg sjølv ei stor utfordring i høve drift og ved ei auking av dei totale restaureringskostnader pga større tidsbruk.

Som resultatet viser har det vore god aktivitet på leigeverksemda i 2012

«Fjordafërda» til Sogn eller til Nordfjord med sal av fisk og grønsaker vart ikkje gjennomført i 2013.

Båten har ikkje fått statleg tilskot i 2013, men løyving på kr. 500 000 til utbetaling først 01.01.2014.

Viser elles til eiga årsmelding for venneforeininga når det gjeld drift.

Rolf Grønnevik

Ludvik Grytten

Ludvig Sandvik

Marion Richter Simlali

Sander Ødelien